

*Aek.no. 412.5 Torsk*  
**FISKERIDIREKTØREN**

5001 Bergen, 17.11.1980  
LG/BHG

**MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN**  
\*\*\*\*\*

J. 163/80

**REGULERING AV TRÅLFISKET ETTER TORSK OG HYSE NORD FOR 62°N.BR. I 1981.  
REGISTRERING FOR DELTAKING I FISKET.**

I samband med regulering av trålfisket etter norsk-arktisk torsk og hyse i 1981, er det naudsynt med fullstendig oversikt over dei fartøy som ønskjer å delta.

Rederia må difor snarast og seinast 1.desember d.å., sende inn søknadskjema om registrering i utfylt stand.

Fiskeridirektøren vil understreke at registreringsordninga gjeld alle fartøy som ønskjer å delta i trålfisket etter torsk og hyse nord for 62°n.br. i 1981, også om trålfisket først vil starte i slutten av året.

Unnateke frå registrering er fartøy som kun vil fiske torsk og hyse som bifangst til anna trålfiske.

Søknader må vere postlagt innan 1.desember 1980.

Søknadskjema kan ein få hos fiskerisjefane, Fiskebåtrederne Forbund, Norske Trållerrederiens Forening, Sogn og Fjordane Fiskesalslag, Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag, Norges Råfisklag og Fiskeridirektøren.

-----

